


KULTUR

Tipstelefon: 47 47 1883 E-post: redaksjon@avisa-hordaland.no

Benedicte Maurseth hentar spelekvinnene ut or gløymsla

Konsertmeldar Frøydis Århus



STERK FORTELJARKUNST: Spelekinna Benedicte Maurseth fortalde sterke kvinnesoger i ord og tonar under årets tingingsverk på Osafestivalen. – Resultatet er solid scenekunst, skriv Hordaland sin meldar. **FOTO: VIDAR HERRE**

Det er eit imponerande stykke folkeopplysning Maurseth har skapt

FRØYDIS ÅRHUS konsertmeldar
redaksjon@avisa-hordaland.no

Tingingsverket 2022: Systerspel - Om spelet som var og spelet som vart borte
Nain, laurdag 29. oktober.

Medverkande scenisk: Benedicte Maurseth (hardingfele, manusutvikling, lesing, og komposisjon)

Produksjon: Hildegunn Riise (regi, manusutvikling), Birk Nygaard (scenografi og visuelt design), Kieran Kolle (filmatisk innhald), Mari Kanstad Johnsen (illustrasjon), Rune Døli (grafisk design) og Jørgen Træen (lydkollasj)



Me byrjar der «Systerspel» sluttar, med Jenny, Ragna, Anna, Boletha, Kristine, Kristi, Bergljot, Petra, Gudlaug, Signe, Laura, Liv Haldis, Gjertrud, Sofie, Tone, Gyro, Ingeleiv, Kristiane, Margit, Kari og Valborg.

DETTE ER BERRE eit lite utdrag frå lista over spelevinner som rullar over dei to lerreta på scena og avsluttar tingingsverket frå årets Osafestival, «Systerspel» av Benedicte Maurseth.

Lista strekkjer seg i tid frå 1700-talet og fram til 1950 og inneheld musikarar som historieskrivarane ikkje har klart å handsama med den respekten og spalteplassen som dei sjølv sagt hadde fortent.

I dag er kvinner godt representerte i landskappleiken. Men det var ikkje før i 1960 (her på Voss) at me fekk den fyrste kvinnelege vinnaren.

Lat oss vende attende til lista over felespelende kvinner.

FRÅ MI EIGA tid kan eg leggja til namn som Annbjørg, Annlaug, Tuva, Sigrid og Benedicte som ein naturleg del av lista over kjende felespelende kvinner. Ironisk nok er det kvinnene av i dag, og då særleg representert ved Sigrid Moldestad og Benedicte Maurseth som har teke ansvaret med å henta fram historiene om sine kvinnelege forgjengarar.

Det er eit imponerande stykke folkeopplysning Maurseth har skapt. Dette starta gjennom ein omfattande kartlegging og skriveprosess som har resultert i ei bok om spelevinnene som også ber tittelen «Systerspel».

Maurseth har i tillegg lukkast med å laga kunst av kjeldematerialet sitt.

KONSERTHYBRIDEN «SYSTERSPEL» TEK i bruk skodespelartekniske verkemiddel frå teaterscena og blandar dette med eit vakkert visuelt bakteppe. Det visuelle vert skapt av projeksjonar på to store lerret som står som ei ope bok på scena.

Her skal regissør Hildegunn Riise og laget bak det visuelle uttrykket ha honnør. Det er særleg naturleg å trekkja fram Birk Nygaard med scenografi og visuelt design, Kieran Kolle med det filmatiske innhaldet og Mari Kanstad



SPELEKVINNE: Benedicte Maurseth tok publikum med attende i tid og fortalde soger om spelevinner fram til i dag. **FOTO: VIDAR HERRE**

Johnsen sine illustrasjonar saman med den grafiske designen til Rune Døli.

Feletonane frå Maurseth er ein raud tråd i framsyninga som held det heile saman. Resultatet er solid scenekunst.

Og nettopp det, varmar eit teaterhjar-te som mitt, at festivalsjef Ida Dyrkorn Heierland vel å innlemma god scenekunst i festivalprogrammet sitt og såleis byr kulturbygda Voss noko dei slettes ikkje har for mykje av frå før, nemleg teater.

Maurseth spør oss heilt i starten, kva skal til for at noko vert hugsa? Og kva skal til for at noko vert gløymt?

Sjølv har eg alltid tenkt at det finst spelemenn men ikkje spelevinner. Dette er sjølv sagt feil. Det er historiebøkene sin feil, musikkutdanningane sin

feil og vårt kollektive minne sin feil at me ikkje har tenkt annleis kring dette.

For kor mange felespelende kvinner vart med i pensum på musikklinja på Voss Gymnas då eg gjekk der? Ingen som eg kjem i hug.

Etter å ha sett «Systerspel» veit ein at felespelet i ytste konsekvens var med å livnæra kvinner som ikkje var arbeidsføre. Om du var blind eller mangla bein kunne redninga finnast i spelet. Maurseth fortel oss at slåttar vart overført frå mor til dotter, syster til syster og bestemor til badnabodn.

Dei fleste spelevinner vart neglisjerte av historiebøkene, men i 1906 hende det noko.

Då stod ei ung kvinne som heitte Laura i Logen i Bergen og spelte fele på

sjølvaste 17. mai. Ho stod under dei same krystallysekrunene som eg dagleg ser i arbeidet mitt på Det Vestnorske Teateret i Logen. Her spelte ho så godt at ho vart heidra med ein gjev pris for umfram spel. Kanskje var dette eit fyrste frampeik på at noko var i emning.

Frå 1970-talet av, skaut jamstillinga fart også i felespelet, med framveksten av musikkskulane. No i dag, er kvinnelege felespelarar noko sjølv sagt. Men spelevinnene frå 1700 og 1800-talet var eg faktisk ikkje klar over sjølv i 2022, så her har Maurseth gjort eit viktig arbeid.